

## SPØRSMÅL OG SVAR I SPØRJETIMEN 8/12 2016

### Spørsmål frå Radøy Høgre v/Normann Sæbø

Radøy Høgre ynskjer å fremje eit spørsmål til kommunen i kommunestyremøtet 08.12.2016. Me ynskjer at kommunen kan reiegjere rundt kor mange elevar som ikkje går på dei skulane dei krinsar til. Her ynskjer me svar på kor mange dette gjeld innan i kommunen, samt kor mange frå Radøy som går på skular i andre kommunar. Dette gjeld elevar på både barneskular og ungdomsskular.

### Svar

Pr dags dato går det totalt 620 elevar i skulane i Radøy, medan 26 elevar busett i Radøy går på privatskular i Lindås og Meland. Av desse 26 er 17 barneskuleelevar og 9 ungdomsskuleelevar.

Det er ingen elevar frå Hordabø krins som går på privatskule, medan det er elevar i privatskule frå alle dei andre skulekrinsane i kommunen.

Blant dei 620 elevane som går på våre eigne skular er det og elevar som går på andre barneskular enn dei normalt soknar til. Alle barneskulane i kommunen har elevar som normalt soknar til andre skular. Kommunen har over lang tid hatt ein praksis der ein har innvilga føresette sine søknader om å gå på anna skule i kommunen enn nærskulen, så lenge det ikkje har ført til klassesdeling/oppretting av fleire klassar.

---

### Spørsmål frå Arild Tveranger

#### Spørsmål 1:

Manglande veglys Lunde-Brattetaule: Det mangler ofte veglys på den mørkaste tida av året når ein kjører bil på denne strekninga Dette kan vera trafikkfarleg.Kva skjer vidare her mot jul?

### Svar

Det har vore ein utilfredsstillande situasjon ved stabiliteten på dette veglysanlegget i heile haust. BKK sine eigne folk har drive feilrettingar, men har ikkje fått det i stabil drift. Kommunen har på korrekt måte sendt meldingar og ringt inn feilmeldingar på anlegget. Ordførar har også motteke klager, og valde nyleg å senda ein formell klage til øvste hald i BKK Nett, og la ved samarbeidsavtalen om Veglys mellom Radøy kommune og BKK. For det er på det reine at feilrettinga på dette anlegget ikkje er i samsvar med avtalen.

#### Spørsmål 2:

Me på Ystebørenen meldte det inn fjor haust, men det er framleis svart.

Det er mange skuleborn på Ystebørenen som går Trævegen til Austebygd skule, og både born og bygdefolk ellesbrukar vegen som turveg om kvelden.

Stort sett alle dei andre lysa langs Trævegen er det me som har kosta då borna mine gjekk på Austebygd skule for 30 år sidan. No er mange nye born komne til på Ystebørenen og vegstrekka bør etter kvart verte opplyst. Også sjøbrekka fra Sletta kai til Mellingen som borna brukar når dei skal til Samfunnshuset.

Borna frå Valdersnes og Nordanger har skyleskyss, men borna på Ystebørenen har det ikkje. Vegen både Valdersnes (Skjelvik) og Nordanger er flomlyst mens store delar av Trævegen er mørklagd.

### **Svar:**

Trygge skulevegar er ei viktig sak, og er eit hovudtemaet i vår trafikksikringsplan, som vart utarbeidd gjennom ein omfattande og gode prosess. Utfylling av veglys på Trævegen, Renen, Sjøbrekka til Mellingen ligg ikkje inne i trafikksikringsplanen. Dermed må vurdering av utbetring av forholda for fotgjengarar i dette området vurderast for seg. I framlegg til budsjett for 2017 ligg det inne ein post til mindre trafikksikringstiltak, som på bakgrunn av trafikksikringsplanen er tiltenkt veglys langs skuleveg. Veglys langs Trævegen vil vere eit av tiltaka som vert vurdert når ein skal prioritere bruk av desse trafikksikringsmidlane.

---

## **Spørsmål frå Susanne Sævdal Bere**

Frå 2015 og til 2017 har regjeringen overført ekstra midler til skulehelsetenesta. Pengane er ikkje øymerka, men det står i føringane at dei er meint til å bli brukt på skulehelseteneste og helsestasjon. Sånn som det er i dag er helsesøstera berre på tilgjengelig på skulen på torsdagar og ofte er ho ikkje der når me treng ho  
Korleis blei desse ekstra midlane blitt brukt i 2015 og 2016?  
Korleis har dykk tenkt å bruke pengane i 2017?

### **SVAR:**

#### Helsesøster:

2015: 2,4 ÅV

2016: 2,8 ÅV

2017: 2,8 ÅV

#### Kommunepsykolog:

2015: 1,0 ÅV

2016: 1,0 ÅV

2017: 1,0 ÅV

Frå januar 2017 vil det vera følgjande tilbod av helsesøster på ungdomsskulen:

- Måndag kl. 12-15 - helsesøster
- Torsdag heile dagen - helsesøster

I tillegg kan ungdommar koma opp på helsestasjonen mot slutten av dagen for samtalar, hjelp og rettleiing.

- Ungdommar på vidaregåande skule har tilbod om helsesøster knytt til dei respektive skulane i Knarvik og Austrheim

- Helsestasjon for ungdom i Knarvik held fram som tidlegare.

---

## **Spørsmål frå John William Kay**

Ifølgje ein artikkel i Nordhordland i fjor, har Radøy kommune 26 ladepunkt for ladbar motorvogn. Seks av desse står ved Velferdssenteret. Ein ser ofte at mange av ladepunkta vert sperra av fossilbilar, spesielt ved Velferdssenteret. Kva vil kommunen gjere for å hindre at ladepunkta vert sperra?

### **Svar:**

Parkeringsplassar med tilgang til ladepunkt skal sjølvstøttast av ladbare kjøretøy og ikkje sperrast av andre. Kommunen vil vurdere tekst og utforming av skilt ved parkeringsplassar med ladepunkt, for å sjå om desse kan betrast. Kommunen har nyleg mottatt tilskot frå Hordaland fylkeskommune til etablering av fleire ladepunkt ved dei kommunale bygga, slik at ladeinfrastrukturen i kommunen totalt sett vert styrka.